

# Kyrkjebladet for VAKSDAL

79. ÅRG. / NR. 1 - 2024



*Velkomen til Nesheim kyrkje og  
dei andre kyrkjene i påska!*



Møt Mona Grenasberg  
Side 6 og 7

Fasteaksjonen  
Side 4

Vegen-sidene  
Side 8-10

[www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

**DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL****Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

**Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

**Trusopplærer Kristin Straume Normann**

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

**Organist Ruben S. Gjertsen**

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

**Organist Frode R. Vik**

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

**Vaktmeister Ottar Dalseid**

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

**Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe**

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanntida og Kyrkjebladet finn du på [www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



**Stoff til neste nummer må vera kome inn til 3. juni 2024.**

Bilete på framsida: Nesheim kyrkje.

Foto: Bjart-Magnus N. Rosvold

**Leiar**

Då skriv me brått Mars månad og dette året er godt i gang allereie. Nyttårsforsetta er for lengst gløymd, og me er tilbake i gamle vanar. Eller kanskje nokon av dei held?

Vekta går ikkje ner om du har medlemskort på Next, du må bruka det også. Sånn er det med det meste. Det er det me gjer som tel. Eventuelt det me ikkje gjer. Eg pleier ofte å vente med til det aller siste, med å gjera ting. Då kjem inspirasjonen, eller panikken. Begge deler fører til at ein må gjera noko. Eg kunne for eksempel ha valt å gjere denne leiaren ferdig i god tid, men som vanleg er nok dette noko av det siste som kjem på plass før den går i trykken.

Ja for det er fort at me kjenner på trykket. Alt me skal gjera, eller skulle ha gjort. Små og store oppgåver som me av ulike grunnar ikkje har tatt tak i. Og no når snøen brått var vekke, kom det til syne endå fleire oppgåver. Alt det rotet i hagen som har vore gøymd under den kvite snøen kjem fram igjen.

Så her ein lyt nok berre brette opp armane, gå på med krum hals. Gjera Nyttårsforsetta kan eg alltid prøve på med igjen neste gong. Kanskje dei vil lukkas betre då?

**Bjart-Magnus N Rosvold**  
Kyrkjeverje i Vaksdal

**Fellesrådsleiar:**

Lars Patterson, tlf 91 88 78 25 /

e-post: lars.patterson@vetlejord.com

**Soknerådsleiarar:**

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf 99 64 23 17

**Den norske kyrkja si heimeside:** [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**Björgvin bispedømme si heimeside:** [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL**

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Avgiftsfritt.

Bladpengar: kr 250,-

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal**Grafisk utforming:** Vaksdalposten**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:** RKGrafisk, tlf 99 21 42 00**Retur til:** Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 DalekvamKyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: [kyrkja.no/vaksdal](http://kyrkja.no/vaksdal)

# Kjent og dramatisk varemerke - og eit uttrykk for kjærleik -

Krossen er den kristne trua sitt varemerke. Krossen er den kristne kyrkja sin logo. Dei fleste verksemder, organisasjonar og kommunar har vel sine logoar eller kjennemerke. Den norske kyrkja har. Den norske staten har. Vaksdal kommune har sitt kommunevåpen: Tre skytlar.

Den kristne kyrkja sin logo er likevel ikkje lik over alt, for korleis ein kross vert utforma kan variere sterkt. Til dømes ser krossen ulik ut på toppen av eit kyrkjespjir enn på ein husvegg eller på ein trykksak. Men krossforma er likevel attkjenneleg, med ein lengre vertikal strek og ein kortare horisontal strek. Og dette er til skilnad til dømes for det sveitsiske flagget eller Raudekrossen sin logo. Så når me ser ein kross, altså med ein kortare liggjande strek enn den ståande, skjønar me at dette har med kristen tru å gjere. Eller gjer me det, forresten? Det er det ingen garanti for, då det kan variere sterkt kva for logoar og varemerke me kjenner att – og kva tankar me gjer oss når me ser dei.

Men krossen, altså. I påska vert me særleg minna om at Jesus vart festa på ein kross. Denne krossen var truleg ikkje fullt så enkel som me gjerne teiknar ein kross. Det vart kan hende meir eit reisverk i tre, med liggjande og ståande linjer. Ein enkel kross hadde kan hende ikkje vore heilt stødig når Jesus og andre skulle hengjast opp der. Likevel: Krossen fortel oss om ei dramatisk hending og ei vond hending – som likevel vart så viktig at krossen fekk slik ein stor symbolverdi. Og det paradoksale er kan hende at eit slikt symbol på korleis menneska vart avretta er eit symbol på kjærleik! Eit symbol på Guds kjærleik til oss menneske – demonstrert av Jesus Kristus. Så når du ser krossen: Tenk på Guds nådefulle kjærleik til deg! Tenk på kva Jesus gjekk igjennom for di skuld.

Krossen kunne og vore eit symbol på tap og nederlag – på død og grav. Men heldigvis stoppar ikkje forteljinga opp med krossen. For det utenkjelege skjedde: Jesus vart levande att. Han «sto opp», som me gjerne seier. Dette er ganske så kvardagslege ord, men dei fortel om noko med æveleg verdi. Det er og blir eit mysterium. Utruleg, men likevel til å tru ved Guds nåde.

Ver velkomen i kyrkja i påska for å høyre meir om dette. Og bli med når me syng dette 1 påskedag:

*Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.*

Ha ei god og velsigna påskehøgtid!  
Helsing Frode Kvamsøe



*Bilete: prosesjonskrossen i Dale kyrkje*



**BIBELTIME VED  
EDVARD BØ  
TYS DAG  
23. APRIL  
KL. 19.00**

i Vaksdal kyrkje  
(konf.rommet)

Tema: BERGPREIKA  
«Det nye livet»  
- Det har høyrte det er sagt,  
men eg seier dykk:  
Elsk fiendane, ver heilhjarta,  
søk først Guds rike!

**KYRKJEGARDS-  
DAGAR:**

**Eidsland:**  
Tysdag 5. mai kl. 16-18

**Stamnes:**  
Onsdag 8. mai kl. 14-16

**Nesheim:**  
Tysdag 21. mai kl. 15-16.30

**Flatekval:**  
Tysdag 21. mai kl. 17-18.30

**Bergsdalen:**  
Tysdag 28. mai kl 14-16



**TREKKSPEL-  
GUDSTENESTER  
MED ASBJØRNS!**

I Stamnes sokn vert det to  
gudstenester der musikken  
er med trekkspelgruppa  
Asbjørns:

**Eidsland kapell**  
Søndag 14. april kl. 11.00

**Stamnes kyrkje**  
Søndag 16. juni kl. 11.00

# Min salme

Om jeg har noen favorittsalme i den norske salmeboka så må det være salme 482 «Deg å få skode». Når jeg leser bibelversene og teksten i salmen så får dette meg til å tenke på hvor enkelt det høres ut. Likevel så virker det på samme tid så langt borte og utrolig nært på en gang. Men her må jeg legge all min tvil i Jesus sine naglemerkede hender og bare stole på at det han har sagt er sant. Leser jeg et avsnitt som jeg synes er veldig interessant så hender det at jeg kan gå i dagevis å tenke på hva det betyr og hva kan jeg lære av det. I Bibelen er det mange enkle fortellinger som skal fremstille en sannhet, etisk lærdom eller lignende. Lignelsen er et billedlig uttrykk, en sammenligning, noe som gjør det mulig for oss å opp-fatte hva som er blitt forklart. Vi har lov til å bruke våre egne erfaringer og opplevelser og å tenke selv.

Salmen bygger på noen Bibelvers fra Johannes Åpenbaring 7:14-17, Salomos Ordspråk 3:5-8, Efeserne 6:12-17, Filipperne 3:10-11 og Matteus 6:1-4 og 19-24.

**Helsing John Arne Hvidsten**

## Deg å få skode

Norsk Salmebok nr. 482

T: Irsk tekst frå 700-t/Til engelsk ved Mary Byrne 1905  
og Eleanor Hull 1912 O: Arve Brunvoll 1978 M: Irsk folketone

1. Deg å få skode er sæla å nå,  
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;  
ver du for tanken min dyraste skatt,  
ljuset som strålar ved dag og ved natt!
2. Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di røyst!  
Far, lat meg vere barn her hjå deg.  
Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!
3. Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;  
ver du det merket som syner mitt verd,  
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;  
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!
4. Rikdom og ære som menneske gjev,  
er ikkje meir enn den morknande vev.  
Du er min arv som varer til sist,  
himmelske konge, det veit eg for visst.
5. Konge i æva, å lat du meg då  
sigrande inn i ditt rike få gå!  
Ver du mi tru, den vona eg ber  
til eg får skode din herlegdom der. Amen.

**John utfordrar Ove Alvheim til å skrive om sin salme  
i neste nr. av Kyrkjebladet.**

**Fakta:**

- Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.
- På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ei massetilstrøming av flyktningar. Dette gir eit enormt press på infrastruktur. Med den økonomiske kollapsen i 2019 og eksplosjonen i Beirut i 2020 er dei humanitære behovene framleis store.
- Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene; og kjønnsbasert vald.
- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatn-program omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og/eller rehabilitering av brønner og/eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.
- Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg også mot miljøsanering for å ta tak i og minska utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.
- Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.



**HJARTE FOR VATN:** Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode. Straks er det tid for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der over 40.000 konfirmantar skal ut å gå med bøsse for reint vatn.

# Hjarte for vatn for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon

I Libanon manglar mange vatn, ein av dei var 15 år gamle Rachelle El Debs.

– Eg elsker familien min, landsbyen og landet mitt. At eg kanskje må forlate alt, er heilt forferdeleg å tenkje på, seier ho.

Vi er i Deir El Ghazal, heilt på grensa til Syria. Berre fjella skil. Her kunne dei sjå kampene gå føre seg mellom IS og libanesiske styrkar.

– Sjå kor vakkert det er. Det er den vakreste staden på jord, ikkje sant? Fjella, dalen, trea. Eg kan ikkje kome meg fort nok ut i naturen, smiler Rachelle El Debs og ser utover Bekaadalen.

Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachelle får kjenne det på kroppen.

– Det er vanskeleg for alle, men det vondaste er at det ikkje er noko framtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb. I 2019 kollapsa økonomien i landet, folk mista alle sparepengane sine og det offentlege tenestetilbodet krasjlanda. Ein lærar gjekk frå å tene rundt 25.000 kroner i månaden til

tusen kroner i månaden. I 2020 var hovudstaden Beirut råka av ein massiv eksplosjon som mellom anna øydela landet sitt viktigaste kornlager. Så kom covid og no ligg heile landet med brekt rygg. Arbeidsløysa er skyhøg, helsetilbodet elendig og unge velutdanna flyktar frå landet.

– Eg vil vere her i Libanon saman med familien min, men eg har nok ikkje noko val. Skal eg får meg ein jobb, så må eg reise ut.

Området Rachelle bur i har vore utan vatn i 40 år, og alt drikkevatt har kome med lastebil ein gong i veka.

I dag har Rachelle tatt oss med på tur opp i fjella, vi er på 1300 meter over havet. Ein av hobbyane hennar er å gå på tur i fjellet, og ho er opptatt av å nå målet med 10.000 skritt kvar dag.

– Eg er opptatt av å halde meg i form, og å gå har hjulpet meg masse. Eg tenkjer klårare og

kjenner meg mykje betre etter ein fjelltur, smiler ho.

Turen er ikkje tilfeldig valt, ho vil nemleg vise oss ein vasstank på 800.000 liter, som gjev vatn til landsbyen hennar på nesten tre tusen menneske. Både syriske flyktningar og libanesarar.

Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn. Dei hadde ein 300 meter djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifte han.

Takk vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kunne Kirkens Nødhjelp syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrøyr. Ein av dei som har stått for utbygginga, er vass-sjefen vår i Libanon, Sanaa Al Asaad. Ho er sjølv frå Syria, og for henne er det ekstra viktig at både flyktningar og lokalsamfunn får nytte godt av

vatnet på grensa til heimlandet.

– Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min, og eg som går så mykje på tur, drikk vatn heile tida, seier Rachelle og smiler bort til Sanaa.

Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, kan vi syte for reint vatn til endå fleire som Rachelle.

**Det er håp i ein drope vatn!  
Bli med på Kirkens Nødhjelp  
sin fasteaksjon.**

**Slik kan du bli med i Vaksdal:**  
I Dale, Stamnes og Vaksdal sokn:  
Bøssebærarane kjem på dørene  
**tysdag 19. mars frå kl. 17.00**  
I Bergsdalen, Eksingedalen og

Nesheim sokn:  
**Takkoffer i gudstenestene  
i påska**

Du kan og gje pengar via  
**Vipps: 2426**





**GITAR:** Mona spelar på mange strengar.

Ho er engasjert på mange områder og i mange saker. Ho jobbar med bøker, er student, driv med politikk og syng i kor. For å nemne noko. Møt

## Mona Grenasberg

### Bøker

- Litteratur har alltid interessert meg. Som lita jente skreiv eg dikt, og då eg var student lika eg å lese skjønnlitteratur i tillegg til fag. Då eg seinare i livet las dikt av den engelske forfattaren Robert Browning tenkte eg at det kunne vore fint å få lese han på norsk – altså nynorsk.

Slik vart draumen om å starte eige forlag til, og i 2007 starta Mona Villanden forlag – omtrent frå kjøkkenbenken heime.

- Den fyrste boka eg gav ut då var Åse Lilleskare Faugstad si diktbok Som ein fakkell. Boka med Browning kom for ti år sidan, og no er det ei bok

om dikteren Olav Nygard frå Modalen som står på trappene. Ho kjem ut i august – men har ennå ikkje fått noko tittel.

Villanden forlag har gjeve ut 15 bøker til no, med alt frå bøker der Mona sjølv er forfattar til omsette tekstar av storleikar som William Shakespeare. Dei to siste åra har Mona vore biblioteksjef i Modalen. Sjølv likar ho å lese Olav Duun, Kristoffer Uppdal og Jon Fosse for å nemne nokon. Og draumeboka nett no er ho som kjem om Olav Nygard.

*Kva med «Bøkenes bok», då?*

- I Bibelen er det fine skattar og store rikdomar me kan hente ut. God poesi finst der

og. Eg skulle gjerne lese meir i Bibelen, og veit at det ligg uoppdaga skattar der. Eg tenkjer mellom anna å setje meg meir inn i Johannes Openberring. Og det er jo slik at mykje av litteraturen som er skriven har referansar til Bibelen, til dømes Dante sin Inferno frå 1300-talet.

Som student har bøker og pensum og vore ein stor del av Mona sitt liv. - Eg har studert fleire fag, både i Bergen og i Oslo, og er utdanna statsvitar. Masteroppgåva mi var om vegplanlegging og miljø. Sidan har eg studert litteraturvitskap, og tok fagskulen for bokbransjen då borna var små. No held eg på med årsstudium i biblioteks-

og informasjonsvitskap i tillegg til jobben som biblioteksjef.

Etter studia i Bergen flytta Mona til Grimstad og arbeidde i Grid-Arendal, som er eit kontor knytt til FN-sambandet sitt UNEP United Nations Environment Programme. Her jobba ho som miljøkoordinator og fekk reist på oppdrag både til Australia og Tyskland. Etter studia i Oslo arbeidde ho på NAV i Oslo og på Lillestrøm. Mona rakk å starte familie, saman med Bjørn, og dei har tre born saman i alderen 13 til 18 (snart 19!) år. Dei flytte til Fossmark i 2005, men forholdet tok slutt og Mona flytte inn i barn-

### Fakta:

- Fødd i 1971
- Bur på Stanghelle
- Biblioteksjef i Modalen
- Eigar av forlaget Villanden
- Politikar i Vaksdal for SV



**BARNDOM:** Mona Greenasberg annon 1976.

domsheimen sin på Stanghelle i 2016.

### Song

- Eg har sunge heile livet. Song betyr mykje for meg. Og eg var ikkje klår over kor mykje song betyr for meg før eg byrja å synge i koret Kilden. Då hadde eg vore borte frå songen i lang tid, og det var utruleg kjekt å byrje oppatt. Det er travle tider no, og hektiske dagar. Men når eg kjem på øving fredagskveldane kjem eg i ein annan modus og slappar av. Ja, eg kjenner at det å syngja gjer meg godt.

Mona song som barn i det som vart kalla YA-koret i Stanghelle bedehus. Seinare song ho i koret Fides på Vaksdal, som på eit vis er forløparen til Kilden. Ho har og sunge i Bergen kretsdomskor som er knytt til Misjonssambandet, i Bergen Oratoriekor under leiing av av Magnar Mangersnes – «Det var ei fantastisk oppleving!» – og i koret SKRUK; Sunnmøre Kristelege Ungdomskor. I februar skipa Mona til ei markering av 100-årsdagen for Olav Nygard sin død, og då samla ho saman songarar som song ein av tekstane hans, til Sven Erik Vaksdal sin melodi Hymne.

### Politikk

Mona er vararepresentant for SV i kommunestyret i Vaksdal. I førre periode var ho fast medlem, men denne gongen mangla ho seks røyster på å få fast plass. Men som fyrste vararepresentant får ho likevel fleire høve til å vere med i kommunestyremøta.

- Eg har alltid vore politisk engasjert, og diskuterte ofte politikk med pappen min. Og eg har alltid stemt SV, sjølv om eg ikkje er samd med partiet i alle saker. Det beste med SV er at dei står opp for dei svake. Eg la merke til Kjartan Haugsnes då han kom til Vaksdal, og syntest at han var ein dyktig politiskar med fagleg ballast. Så då han spurte om eg ville stille til val for SV var det ikkje vanskeleg å seie ja.

Mona er med i ei kommunal nemnd som skal jobbe med vern av Jebsahuset på Dale - eller «Messo», som nokon og kallar huset. Ho er og med som politisk oppnemnd medlem i eldrerådet i Vaksdal og har elles engasjert seg i K5-prosjektet.

### Tru

- Barnetrua har fylgd meg heile livet, og pappen min bad Fadervår med meg kvar kveld.



**KOR:** YA-koret i Stanghelle bedehus

Eg hugsar at eg hadde ei sterk tru som lita, då eg gjekk på søndagsskolen og i bedehuset elles.

- Det var eit fint miljø på bedehuset. Frå den tida hugsar eg mellom anna då Gunnar Rene sa til oss «bruk tida di rett». Det sit i meg ennå. Dei gode minna frå bedehuset trekte eg fram då eg var 17. maitalar på Stanghelle for ein del år sidan, og det er vemodig at bedehuset no vert borte grunna K5. Eg hugsar dei kjekke basarane og juletreffestane, og kjenner at det er ein del av kulturen som forsvinn med bedehuset.

- Trua sit framleis i meg og gjev meg ein tryggleik i livet. I dag kjenner eg at det er godt å ha trua, etter at begge foreldra mine er borte. Pappen min sa til meg «du skal be». Det er trygt å be, og eg kjenner at eg treng noko som er større enn livet elles rundt oss.

*Kva tyder påska for deg?*

- Då går eg på ski i Bergsdalen, der me ofte var og aka då borna var små. Og eg likar framleis å gøyme påskeegg i hagen for dei. Eg får ikkje gått så mykje på gudstenester i påska, men freistar å få med meg nokre gudstenester på TV.

- Lenge skjøna eg ikkje påska sitt budskap, men gjer det i større grad no. Jesus måtte ut i ein kamp. Og det er gripande at han gjekk i den kampen sjølv om han visste kva som ville skje. Og at han sigra er heilt fantastisk!

**Intervju/tekst:**  
**Frode Kvamsøe**



## Pappen

Den fleire gonger omtala «pappen» er Odd Grenasberg, som døydde i april i fjor.

- Eg saknar han ennå, fortel Mona.

Odd var kjent for sitt gode humør og smittande latter. Han var og direkte og indirekte med i nokre av bøkene Mona gav ut. Han var og ein som bad mykje og for mange menneske - inkludert for meg og min familie - noko eg var og er takksam for.

Odd laga seg ein fast morgonbøn som han fekk skrive ut på papir og delte ut til mange. Og eg tenkjer at intervjuet med Mona er ein fin anledning til å trykkje den bønna:

Kjære Jesus,  
Fyll du mitt hjerte med din  
Ånd og kraft.  
La meg få være en av dine  
minste små.  
Og møter jeg folk i dag, legg  
ditt ord i min munn.  
Og taler jeg med folk,  
må du, Jesus  
tale gjennom meg, at det  
blir til sjelers frelse.


AMEN

**Frode Kvamsøe**





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook! 

## Lys Vaken i Dale kyrkje

Ei helg i februar inntok fleire av årets elleveåringar Dale kyrkje, og overnatta der. Dei var nok spente då dei kom til kyrkja, for fyrste gong med sovepose!



Men opplegget fenga, og det vart eit kjekt lite døgerikyrkja. Dei var gjennom ulike aktivitetar, blant anna laging av Kristuskrans (armband), og førebuing til gudsteneste. Sundag morgon starta med frukost i kyrkja, og under gudstenesta var dei fleste borna involvert på ulikt vis, og dei verka til og med lys vakne, trass sikkert litt mindre søvn enn vanleg! På denne gudstenesta fekk òg årets elleveåringar frå Dale sokn utdelt Nytestamentet.

## Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje



**TÅRNAGENTHELG:** Spennande å sjå i klokketårnet



**TÅRNAGENTHELG:** Ruben spiller for agentane.



**TÅRNAGENTHELG:** Agentane prøver ut dei mange lydane på orgelet

Nyleg kom ein fin gjeng av årets åtteåringar til Vaksdal kyrkje for å bli tårnagentar. Fyrst måtte alle seia eit passord, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt – med eige fingeravtrykk sjølvsagt!

Med agentkort rundt halsen og ein eigen agentbevegelse på plass, fekk agentane ulike oppdrag

dei skulle løysa, og dei var både øvst i tårnet (der dei møtte Ottar kyrkjjetenar), på orgelet der organist Ruben spelte til dei, og dei fekk prøvespela sjølv òg, og på symboljakt rundt i kyrkjerommet.

Flaggermussuppa gjekk ned på høgkant, og sundagen song dei kjekke agentane tårnagentsongen av full hals!



## Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I vår er det som i haust baby – og småbornssong vekselvis på Dale og Vaksdal på onsdagar. Det har vore ein fin gjeng med små og store som har sunge og leika saman, og praten går fort og lett etter sjølv songstunda. Etter kvart har det vore mange med, rekorden til no er ni fine babyar på same samling! Veldig kjekt at dette kan vera ein møteplass for småbornsforeldre.

**BABY- OG SMÅBORNSSONG:**  
Drøsen går på teppet - mens babyane utforskar området.



LIFE-OG-TRIS-  
**vegen**  
VAKSDAL.KYRKJA.NO

## Etter skuletid på Dale og Vaksdal



**ETTER SKULETID PÅ DALE:** Såpebobler er lik som alltid gøy det!

## Knøttesong på Dale og Vaksdal



**KNØTTESONG:** Nokre av dei som har vore innom knøttesong så langt i år.



**KNØTTESONG:** Når me er ferdige med å syngja og eta frukt er det endeleg tid for å finna fram alle leikane!

I vår har me òg hatt knøttesong for born 1-5 år på Dale og Vaksdal onsdagar. Det varierer kor

mange som kjem, og det er alltid liv og leik og god song uansett kor mange me er. Det er tydeleg

at mange har vore innom fleire gongar, og blitt trygge på songane me syng saman. Kjekt!

Etter skuletid er for born i 5.-7. klasse, der dei får tilbod om ein stad å vera etter skulen onsdagar, vekselvis på Dale og Vaksdal. Borna har fått pølser og saft, og kunna spelt spel, teikna eller gjort ulike aktivitetar, alt etter kva dei har villa sjølv. Av og til avsluttar me med såpebobler eller lystenning!

## Generasjonssong på Vaksdal og Dale

Me har gjennomført nokre rundar med generasjonssong på Vaksdal ressurscenter for demens og Daletunet helsehus i vår. Me kjem med teppe, leikar og såpebobler, og syng oss gjennom vande og tradisjonelle barne-

songar, saman med dei eldre på heimane. Det har vore kjekt og gjevande, og fine møte mellom dei yngste og dei eldste i bygdene! Dette er eit samarbeid med Maren i Frivillighetssentralen i Vaksdal, som steiker va-

fler til alle som er med, og ofte er Gro Karin Fosse med og speler vakkert piano til samlinga.

**GENERASJONSSONG:**  
Etter songstunda er det prat og mat.





## KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

7 år

### 24. MARS: Borna sin påskedag på Vaksdal og i Eksingedalen

På Palmesøndag, 24. mars, skal me ha gudsteneste med Borna sin påskedag i Dale kyrkje (kl 11.00) og Eksingedalen kyrkje (kl 15.00), der årets sjuåringar vert spesielt inviterte, og alle andre sjølv sagt også er velkomne. Gjennom ulike postar vert ein ført på ganske konkret vis gjennom sentrale dagar i påska. Etterpå er det påskeeggjakt og laging av sommarfuglar for dei som vil!

5 år

### 9. MAI: Gudsteneste på Skipshelleren

På Helgetorsdag / Kristi Himmelfartsdag har me gudsteneste i fjordkanten ved Skipshelleren på Straume. Til denne gudstenesta vert årets femåringar spesielt inviterte til å vera med. Sjølv sagt saman med familien sin. Det vert fyrst ei enkel utegudsteneste som er ekstra tilpassa borna. Om det er stygt vær er det ingen problem, for då har me gudstenesta under helleren der me sit tørt. Etterpå er det grilling av pølser, og leikar for både små og store. Dette pleier å vera ein kjekk dag for dei som tek turen, så me håpar fleire nyttar høvet i år!



## VÅR 2024

# SUPERONSDAG

I VAKSDAL KYRKJE: 20.3, 3.4, 17.4, 16.5, 29.5

I DALE BEDEHUS: 10.4, 24.4, 8.5, 22.5

#### 11.30-13.30: Baby- og småbornssong (0-2 år)

Sanserike samlingar for dei yngste borna.

Sjølve songstunda er ca kl. 12.

Lunsjtreff før og etter. Kom/gå som det passar!

Ta gjerne med niste, me har drikke og frukt.

#### 14-15: Etter skuletid (5.-7.trinn)

Ein trygg stad å vera saman etter skulen. Me gjer litt ulike ting kvar gong, som spel, aktivitetar, lekser, hobby, song, teikning og forteljing.

Varmt måltid (pølser) til alle!

#### 17-18: Knøttesong (1-5 år)

Opplevingsrike samlingar med leik og song for borna i aldersgruppa.

Mat, prat og frileik etterpå.

Ta gjerne med niste, me har frukt og kaffi/te/vatn.

#### 18.15-19.15: Onsdagsklubb (1.-4.trinn)

Samling med ulike aktivitetar for alderstrinna.

Song, leik, hobby og forteljing. Litt ulike ting kvar gong.

Me har ei lita matstund med frukt i løpet av samlinga.

#### Baby- og småbornssong i Stamnes bedehus

Me har òg sanserike songsamlingar for born 0-4 år i

Stamnes bedehus ein torsdag i månaden.

Songstunda er fyrst, og etterpå et me lunsj saman.

Me har drikke og kjeks/frukt. Datoar: 25.4, 30.5. Tid: Klokka 10-12

#### Generasjonssong på sjukeheimane

Ein tysdag i månaden syng me saman med dei eldste i kommunen.

Dette er mykje likt babysong, og passar for born 0-2 år.

Tid: Klokka 11-12

Vaksdal sjukeheim: 21.5 Daletunet omsorgssenter: 16.4, 11.6

## VELKOMEN INN <3

Arr: Kyrkjene i Vaksdal. Kristin S. Normann leier samlingane. Sjå gjerne facebookside

«Vegen i Vaksdal» for arrangement,

eller bli med i facebookgruppa

«Babysong, småbornssong og knøttesong i

Vaksdal» for å påminningar og oppdateringar undervegs 😊 Alt er gratis!





VERDIÅRET 2024: Guds fire døtre, ved Anne Hesvik.

Foto: Bo Mathy

## Verdiåret 2024

# Kyrkjeretten på Moster i 1024 og Magnus Lagabøters Landslov av 1274

I år er det to nasjonale jubileer som vert feira og markert og i kyrkja.

Jørn Øyrehagen Sunde, som bur på Vaksdal, er Professor i Rettshistorie ved Institutt for offentlig rett, Universitetet i Oslo. Han er med sin fagkunnskap ein sentral person inn mot desse feiringane, som han viser det er ein samanhang mellom. Sunde har mellom anna skrive bok i anledninga.

### Kyrkjeretten på Moster

Den første Kyrkjeretten i landet vart satt på Mostratinget i 1024 av Olav Haraldson og biskop Grimkjell. Kong Olav Haraldson er han som etter at han vart drepen i slaget på Stiklestad i 1030, vart helgenkåra som Olav den Heilage. Eldste skriftlege utgåve av Kristenretten er frå Gulatingsloven. Retten var viktige når det gjaldt respekt for livet mellom anna. Det er denne hendiga som kvart år er utgangspunkt for det historiske

Mostraspelet, og i år vert det ein særskild markering i høve jubileet på Moster.

### Magnus VI Lagabøte

Magnus Lagabøte levde frå 1.mai 1238 til 9.mai 1280. Han vart konge etter farens død i 1263 med kongsete hovudsakeleg i Bergen. Håkonshallen i Bergen vart bygd av faren Håkon IV Håkonsson. Sjølv bodde kong Magnus på Bergenhus i det som seinare har fått namnet Rosenkrantzårnet. I 1274 fekk Magnus gjennomført ein riksdekkande Landslov. Tilnamnet Lagabøte som han seinare fekk, tyder ein som lager lover. Sjølv om Harald Hårfagre samla landet til eitt rike, så var det Magnus med denne loven som fekk innført ein gjeldande lov for heile riket etter ein siste stor revisjon som vart fastsett på Frostatinget. Den var for

sin tid framsynt og radikal, og vant godt fotfeste i folket. Kyrkjeretten var eit viktig grunnlag for denne loven, men det går óg fram at Magnus etter sin oppvekst med skulegang hjå fransiskanarane, hadde eit godt auge til dei fattige og sjuke. Dei fekk med denne loven eit større vern enn nokon gong tidlegare. Magnus så arbeidet med denne loven som eit særskilt kall frå Gud. Loven varte i 400 år.

### Guds fire døtre

Med bakgrunn frå Salme 85.11: «Miskunn og sanning skal møta kvarandre, rettferd og fred skal kyssa kvarandre» vart dei fire omgrepa Sanning, Fred, Rettsferd og Miskunn fire prinsipp som vart overordna for forståinga av Magnus Lagabøter sin Landslov. Dei vart i Mellomalderen kalla Guds fire døtre. Kong Magnus meinte at

kvar av lovene i Landslova sin anvending skulle prøvast på samspillet mellom desse fire prinsippa.

### Sunde i Vaksdal kyrkje

Jørn Øyrehagen Sunde kjem til Vaksdal kyrkje onsdag 29. mai. Me er svært glade og stolte over at Jørn ser seg tid til å holde foredrag på heimstaden. Han er ein framifrå formidlar. Me vonar mange finn vegen til Vaksdal kyrkje onsdag 29. mai kl 19:00 for å høyre Jørn snakke om korleis dei fire Guds døtre fekk prege lovarbeidet og vart anvendt når det gjaldt Landslova av 1274. Han vil og sei noko om dei fire søstrene i kyrkjeleig utsmykking ulike stader i landet, samt korleis dei levde i folkelege forteljingar frå då og seinare. Me gler oss.

Sokneprest Edvard Bø

## MÅNDAGSKAFFI

i Vaksdal kyrkje  
(konfirmanntrommet)  
Måndagar kl. 12.00-14.00

## OPEN KYRKJE

i Dale kyrkje  
Kvar 3. laurdag i  
månaden kl. 12.00-14.00

Fylg med på [www.skjerikyrkja.no](http://www.skjerikyrkja.no)



Gjør reisen til  
utlandet tryggere



Last ned  
Sjømannskirkens  
nødnummer-app

Sjømannskirken

## Jørn Øyrehagen Sunde

fortel om

# Guds fire døtre

Onsdag 29. mai  
kl. 19.00  
i Vaksdal kyrkje



*Guds fire døtre, eller dei heilage søstrene, er Sanning, Fred, Rettferd og Miskunn. Dei er kalla Guds døtre for å understreke deira nærleik til det guddommelege. I mellomalderen var Guds fire døtrer ein kjent figur, og ein finn dei i alt frå kyrkjeutsmykking til folkelege forteljingar. I dag er dei nesten ukjente, men Guds fire døtre var svært viktige då grunnlaget for den norske staten vart lagt med Landslova av 1274. For Magnus Lagabøter og dei andre som skapte Landslova ønske å byggja ein sterk fellesskap mellom alle i det norske riket, utan omsyn til kjønn, alder, rikdom, og så vidare. Dette gjorde dei med å bruka ein kort passasje frå Salme 85 Sanning, Fred, Rettferd og Miskunn, vidareutvikla i jødisk tradisjon, henta inn i den kristne kulturkrinsen på 1100-talet, utvikla i det lærde miljøet rundt Nidaros-dommen på fyrste halvdel av 1200-talet, før dei kom inn i Landslova i 1274 og historia om dei skulle lesast høgt for det skulle avseiast dom i viktige saker. For var lova for streng eller for mild, hadde dommarane plikt til å setja den til sides, og heller avsei ein dom som betre tok omsyn til Guds fire døtre.*

DET ER HÅP  
I EIN DROPE  
VATN



Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og gje vatn til dei som treng det mest!

VIPPS til 2426

KIRKENS NØDHJELP  
actalliance

TRENG DU NOKON  
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

SOS  
22 40 00 40



SOS  
CHAT



SOS  
MELDING



KIRKENS  
SOS



## SJÅ TV-SERIE og SAMTAL OM VERDIAR



I TV-serien «Hendelsen som forandret Norge» tar «Farmen-prest» og influensar Thor Haavik oss med tilbake til då kristenretten blei innført for 1000 år sidan.

I samtalar med fagfolk, bl.a. sosiolog Harald Eia, advokat Geir Lippestad og historikar Jørn Øyrehaugen Sunde leitar han etter svar på korleis innføringa av kristenretten i 1024 har gjort Noreg til det landet vi kjenner i dag. Serien har tre episodar på ca. 20 minutt og er produsert av TV Inter, i samarbeid med Tro og Medier, og er finansiert av Kyrkerådet og Bjørgvin bispedøme.

På Bjørgvin bispedøme sine nettsider finn du også samtale- og undervisningsopplegg knytt til denne serien. Skann QR-koden, sjå episodene og bruk dei til gode samtalar!

[www.kyrkja.no/bjorgvin/2024](http://www.kyrkja.no/bjorgvin/2024)



## DET SKJER I BEDEHUSA

### VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndag kl. 11.00

Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30 same dag som storsamlinga.

7. april

28. april

12. mai

Formiddagstreff torsdag kl. 1130, med andakt, song og musikk, matpause m.m.

Torsdag 21. mars: Gjest: Reidun Skurtveit

Torsdag 18. april: Gjester: Torhild Skare, Bjørg Stormark, Karl Magnus Valle.

Bibeltime: Torsdag 11. april.



### STANGHELLE BEDEHUS

Onsdag 20. mars kl. 19.00: Møte ved Leiv Nesheim

Onsdag 8. mai kl. 19.00: Møte ved Ole Corneliusen

*Dette er det siste møtet i bedehuset før det vert lagt ned.*

### DALE BEDEHUS

Onsdag 3. april kl. 19.00: Møte ved Aud Karin Ringvoll

Fredag 17. mai kl. 17.00: 17. maifest. Variert program. Servering.

Onsdag 5. juni kl. 19.00: Møte ved Christian Skoge

## Minneord

## Bjørn Knutsen, medarbeidar og ven

Ein god klokkar og kyrkjeleg medarbeidar, og vår kjære ven Bjørn Knutsen døydde natt til 23. november 2023. Me er takksame og unnar han no kvilen heime hos Jesus i himmelen. Me har mange gode minne etter Bjørn.

Bjørn hadde ei sterk tru, og var frimodig til å dele trua med alle som ville høyre på han, anten det var ein drosjesjåfør på veg til sjukehuset, lege og sjukepleiar, eller ein romkamerat. Kan eg få lov til å fortelje deg ein historie frå Bibelen? Kan eg få lov til å be for deg? Slik spurde han. Han gjorde det på ein god måte som ikkje verka påtrengjande. Han viste stor omsorg for sine medmenneske. Eg trur han nådde inn til mange, og var høgt respektert i bygda og på arbeidsplassen på Vaksdal Mølle.


Bjørn Knutsen var født på Vaksdal 11. mai 1946. Og det var her han vaks opp som ein barn og budde heile livet.

Han gifta seg med Torgunn Ellinor i 1975 og fekk to barn, Annelin i 77 og Torbjørn i 80. Dei var aktive i det kristelege arbeidet i bygda og drev barneforeninga Solglimt, som heldt til i Prestebustaden i Vaksdalsgarden. Barneforeninga hadde mange aktivitetar, mellom anna julespill som dei framførte i kyrkja, på bedehuset og i Tabernaklet. Bjørn og Torgunn Ellinor skilde lag i 1989. Bjørn har fortsatt å bu i huset på Tveitane heilt til no siste året. Seinare har han fått fem barnebarn som han var glad i og hadde mykje fint saman med.

Klokkartenesta i kyrkja var i tillegg til arbeidet på Møllne, og noko som han likte å drive på med heilt til siste året. Bjørn satt óg mange periodar i Vaksdal sokneråd, mellom anna som nestleiar. Han var med i bibelgruppe, og medarbeidar i barnelaget som heldt juleverkstad for borna i byrjinga av advent.

Bjørn og Odd Arild Faugstad har vore eit godt radarpar i fleire år. Ein periode hadde dei aktivitetar for 4-åringane som fekk bok i kyrkja. Bjørn var med på tårnagenthelg for 8-åringane der han fortalde om kyrkjeklokkene i tårnet, og han har vore med i konfirmantarbeidet. Bjørn var og medhjelpar når presten heldt nattverd på Sjukeheimen og var aktiv i mange andre samanhengar, mellom anna i Bedehuset.

Bjørn sleit med kreft i ei årrekke. Han var likevel positiv, og sterk i trua på at dette skulle gå bra. Han la det i Herrens hender, og tok alt med godt humør, sjølv om det var krevjande operasjonar og strålebehandlingar. Han fekk fred med å lesa nokre fine bønner før dei trilla han inn på operasjonssalen, mellom anna ei bøn over Velsigninga presten lyser mot slutten av gudstene-sta. Då kjende han seg trygg. På kreftavdeling sa dei at han



var ein sjeldan mann som var aktiv. Han var vel så opptatt av dei andre pasientane som av seg sjølv. Han hadde nemleg noko som legane ikkje kunne gi han på resept, trua. Me vil få takka for innsatsen som Bjørn Knutsen har lagt ned i Vaksdal kyrkje. Han er djupt sakna, ikkje berre for det han gjorde, men mest for slik han var. Takk Bjørn, og takk Jesus!

**På vegne av kyrkjestaben  
Helsing Edvard Bø**

**tovi**  
Elektro

Tlf. 417 94 104  
E.post: tommy@tovielektro.no

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

**ATLANTIS**  
VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

**95 97 17 00**



**eviny**



**DALETEC**

**Sæterdal  
Elektro**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 565943 00

 **SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan  
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739  
post@falkangerbygg.no

**Falkanger Bygg er  
forhandlar av Idéhus**  
Sjå [Idehus.no](http://Idehus.no)

**IdéHUS**  
BYGGER PÅ GODE IDÉER

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**Vangen  
Elektriske**

**HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?**

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Brannvarsling
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll

**Tlf. 56 52 36 66 - [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)**



**Bergsdalstunet**

- Selskap
- Levering av mat
- Minnesamvære

**Tlf. 93 213 213**





Velkomen til  
**LAURDAGSGRAUT**  
i Bergsdalen kyrkje  
(kyrkjesalen)

laurdag 6. april  
kl. 13.00-15.00

Graut m.m.  
Åresal

Helsing Bergsdalen  
sokneråd

**Døype barnet -  
eller bli døypt sjølv?**



Ver velkomen til dåp!  
Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20  
Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no  
Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam  
Kom innom: Fabrikkevegen 3 på Dale  
Heimeside: www.vaksdal.kyrkja.no

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dåp. No får me ikkje den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding til dåp direkte.



*Vaksdal*

BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

**DØGNVAKT: 56 59 74 70**  
WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO



NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale  
gravferdsbyrå

**AVD. VAKSDAL**  
ALLTID HER FOR  
*deg*




Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

**DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO**  
Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam

## LIVETS GANG



## DØYPT

## Dale

- 13.01 Linnea Skjerve (døypt på Stamnes)  
14.01 Maria Svane Rolland  
04.02 Johannes Berge Vedå  
13.03 Emma Marie Pedersen  
13.03 Magnus Andre Pedersen  
13.03 Kristian Andreas Pedersen  
17.03 Malin Amundsen Haukås

## Stamnes

- 03.12 Martin Ulveseth Stamnes

## Vaksdal

- 18.02 Tobias Amundsen Knutsen



## VIGDE

## Nesheim

- 08.03 Frida Mjelde Fjæreide og Håkon Øvstedal



## DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

## Dale

- |       |                            |      |
|-------|----------------------------|------|
| 10.12 | Inger Lie                  | 1927 |
| 11.12 | Steinar Magne Dale         | 1942 |
| 13.12 | Inger Petra Johanne Søvik  | 1932 |
| 18.12 | Willy Bjørn Vedå           | 1944 |
| 23.12 | Tore Faugstad              | 1936 |
| 28.12 | Emil Hvidsten              | 1934 |
| 06.01 | Arneid Faugstad            | 1938 |
| 08.01 | Harald Kvamme              | 1943 |
| 13.01 | Gerd Rødland Fenne         | 1933 |
| 13.01 | Reidun Nora Visnes         | 1940 |
| 17.01 | Mathias A Steinsland Sætre | 2010 |
| 18.01 | Magnar Myklebust           | 1941 |
| 27.01 | Kjell Erik Tjønneland      | 1949 |
| 28.02 | Roald Bruvik               | 1976 |

## Stamnes

- |       |                        |      |
|-------|------------------------|------|
| 26.12 | Aslaug M Tøsse Sundvor | 1930 |
| 12.02 | Sverre Høvik           | 1934 |
| 09.03 | Svanhild Gullbrå       | 1935 |

## Vaksdal


- |       |                        |      |
|-------|------------------------|------|
| 06.01 | Gunvor Klyve Thomassen | 1945 |
| 14.01 | Liv Sæther             | 1928 |
| 31.01 | Ole Erstad             | 1956 |
| 19.02 | Therese Øvstebø Boge   | 1930 |

## PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe boka her:

- # Petersens Handleri
- # Dale kyrkje
- # Kyrkjekontoret
- # www.zeth.no
- Pris kr 380,-





## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Søndag 24. mars - Palmesøndag

DALE KYRKJE

Kl. 11.00 Borna sin påskefest! Vegengudstene-  
 neste. Normann og Bø.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00

Borna sin påskefest! / Vegengudstene-  
 neste. Normann og Bø.

### Torsdag 28. mars - Skjærtorsdag

STAMNES KYRKJE

Kl. 10.30: Orgelresitasjon. Gjertsen

Kl. 11.00: Nattverdsgudstene-  
 neste. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE

Kl. 18.30: Orgelresitasjon. Gjertsen

Kl. 19.00: Nattverdsgudstene-  
 neste. Kvamsøe.  
 Kveldsmåltid i konfirmantrummet  
 etterpå.

### Fredag 29. mars - Langfredag

EIDSLAND KAPELL

Kl. 11.00 Pasjons-gudstene-  
 neste. Bø.

Nattverd.

DALE KYRKJE kl. 19.00

Pasjons-gudstene-  
 neste. Bø. Nattverd.

### Søndag 31. mars - Påskedag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudstene-  
 neste for Eksingedalen.  
 Kvamsøe. Nattverd.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudstene-  
 neste for Vaksdal,

Dale og Stamnes. Bø. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl.18.00

Høgtidsgudstene-  
 neste. Kvamsøe. Nattverd.

### Måndag 1. april - 2. Påskedag

Ingen gudstene-  
 neste i Vaksdal

### Søndag 7. april - 2. søndag i påsketida

STAMNES KYRKJE kl.16.00

Gudstene-  
 neste. Bø. Nattverd. Årsmøte.

### Søndag 14. april - 3. søndag i påsketida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00

Trekkspelgudstene-  
 neste med Asbjørns.

Kvamsøe. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl.18.00

Gudstene-  
 neste. Kvamsøe. Nattverd.

### Søndag 21. april - 4. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00

Gudstene-  
 neste. Kvamsøe. Nattverd.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00

Gudstene-  
 neste. Bø. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 18.00

Gudstene-  
 neste. Bø. Nattverd.

### Søndag 28. april - 5. søndag i påsketida

Ikkje gudstene-  
 neste i Vaksdal

### Onsdag 1. mai - Offentleg høgtidsdag

DALE KYRKJE kl.11.00

Gudstene-  
 neste. Bø. Song av Dale Mannskor.

### Søndag 5. mai - 6. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00

Konfirmasjon. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Konfirmasjon. Normann og Bø.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00

Gudstene-  
 neste. Bø. Nattverd.

### Torsdag 9. mai - Helgetorsdag

SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00

Friluftsgudstene-  
 neste / Vegen-gudstene-  
 neste.

Normann og Bø.

### Søndag 12. mai - Søndag før pinse

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Konfirmasjon. Bø.

### Fredag 17. mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00

Festgudstene-  
 neste. Bø.

DALE KYRKJE kl. 10.30

Festgudstene-  
 neste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 12.00

Festgudstene-  
 neste. Kvamsøe.

EIDSLAND KAPELL kl. 12.30

Festgudstene-  
 neste. Bø.

### Søndag 19. mai - Pinsedag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00

Konfirmasjon. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudstene-  
 neste for Vaksdal,

Dale og Stamnes. Bø. Nattverd.

### Måndag 20. mai - 2. pinsedag

Ingen gudstene-  
 neste i Vaksdal

### Søndag 26. mai - Treeiningssøndag

EKSINGEDALE KYRKJE kl. 11.00

Gudstene-  
 neste. Kvamsøe. Nattverd.

### Søndag 2. juni - 2. søndag i treeiningstida

Ingen gudstene-  
 neste i Vaksdal

### Søndag 9. juni - 3. søndag i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl.11.00

Gudstene-  
 neste. Bø. Nattverd.

FITJAVATNET / NORDVIKSÆTER

kl. 12.00. Fitjivasstemna. Vogel.

DALE KYRKJE kl. 16.00

Gudstene-  
 neste. Kvamsøe Nattverd.

### Søndag 16. juni - 4. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Trekkspelgudstene-  
 neste med Asbjørns.

Kvamsøe. Nattverd.

Oppdaterte opplysningar fom gudstene-  
 neste finn du her:

Annonsar i lokalavisa same veka, på plakatar, på kyrkja.no/vaksdal og på skjerikyrkja.no

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.



## Konsert med Sori Trio

Vaksdal kyrkje lørdag 13. april kl. 12.00

**Sori Trio er et ensemble bestående av musikerne SooHyun April Jang (fiolin), Hertha Dahlgren (klarinet) og Marie Heddan Kortner (piano).**

De tre musikerne møtte hverandre som studenter på Griegakademiet i Bergen, og etter flere felles prosjekter ble Sori Trio stiftet i 2022. Trioen består av medlemmer fra tre forskjellige land, Norge, Sverige, og Sør-Korea, og har også ulike musikalske bakgrunn.

SooHyun April Jang har blant annet bakgrunn fra jazz/improvisatorisk musikk, mens Hertha Dahlgren og Marie Heddan Kortner har sitt fokus innenfor klassisk musikk. 'Sori' betyr 'lyd' på koreansk. Med andre ord, harmonien de skaper sammen har som mål å skape én vakker klang.